


**15-20 dekar nytt industriareal**

**17.08.2013**



**Kommunen skal leggja til rette for sal av industritomtar på Børnes og totalt vil det her kunna opparbeidast 15-20 dekar nytt industriareal. Det slår kommunen fast i ei klarleggjing av ansvaret sitt. Den skal stå for byggjing av infrastruktur inn i området. I første omgang er det 60 meter veg med tilhøyrande straum og VA (sjå skissa)**

På høgre sida av vegen inn ligg det vassleidning på 160 millimeter, spillvassleidning på 200 millimeter og overvassleidning på 200 millimeter.

Frå dsse vert det ført inn i det nye feltet leidningar av desse dimensjonane: Vatn DN 110 millimeter, spillvatn 160 millimeter PVC og overvatn 160 millimeter PP-DV.